

Kommunal og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112
0032 Oslo

Høyringsuttale – forslag til endringar i lov om interkommunale selskap

Regionrådet i Nordhordland viser til departementet sitt høyringsbrev datert 05.11.2014 med forslag til endringar i lov om interkommunale selskap (IKS-lova).

Regionrådet Nordhordland består av 9 kommunar. Regionrådet ser i dag på IKS som eit godt reiskap for kommunane til å byggja opp offentleg infrastruktur (tenester) i fellesskap der formålet er å oppnå kvantitative og kvalitative stordriftsfordeler slik at tenestene til innbyggerane i eigarkommunane vert både betre og billigare. Me har fleire samarbeid som løyser kommunale oppgåver for fleire kommunar. Me er t.d. i gang med å byggja Region Nordhordland Helsehus, eit felles prosjekt for eigarkommunane på om lag 10 000 kvm. bruttoareal til om lag kr 300 mill. Helsehuset vil innehalda kommunale og offentleg oppgåver, det meste helsetenester.

Regionrådet har etablert eit IKS som skal byggja og drifta dette bygget på vegne av alle ni eigarkommunane. Eigarkommunane har garantert for sin del av lånet og IKS-et kan dermed låna til same vilkår som kommunane ville kunne gjort kvar for seg. Dersom departementet sitt forslag når fram, vil selskapet i utgangspunktet ikkje kunne oppnå same lånevilkår, og dei offentlege tenestene i huset vert dyrare å drifta.

Regionrådet Nordhordland støttar fullt opp om høyringssvaret som KS Bedrift har sendt til departementet, og me vil særleg peika på:

- Regionrådet Nordhordland er fornøyd med at IKS fortsatt vert vurdert som ei god selskapsform for kommunar som ønskjer å samarbeida, og der rutinane for eigarstyring er bygd inn i sjølve lova.
- Endringane i lovforslaget er generelle slik at dei vert gjort gjeldane for alle IKS, enten ein driv i ein marknad eller ikkje. Dei aller fleste IKS-selskap i landet driv ikkje med økonomisk aktivitet, og endringane får dermed feile konsekvensar. Våre IKS-selskap driv med lovpålagte oppgåver, og opererer ikkje i ein marknad i konkurrans med andre. For desse selskapa er det vanskeleg å sjå trongen for så omfattande endringar der einaste praktiske konsekvens, er auka lånekostnader og krav til eigenkapital.
- Dersom ein likevel må endra lova, ber me om at dette vert løyst ved at IKS-lova vert reservert for selskap som ikkje driv økonomisk aktivitet, og at den delen som driv økonomisk aktivitet vert skilt ut i AS. Eller at ein innfører et skilje i IKS-lova for selskap med økonomisk aktivitet og selskap som ikkje driver økonomisk aktivitet («to-spors system»).

Knarvik, 5. februar 2015



Jon Askeland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS